



Lindås 09.03.23

### **Høyringsinnspel kommunedelplan kultur, idrett og friluftsliv.**

Lindås Idrettslag har i styremøte 09.03.23 vedteke følgande innspel til kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv.

Lindås Idrettslag er eit stort idrettslag i regionen og samlar om lag 650 medlemmer til aktivitet innafør idrettane fotball, handball, idrettskule, turn, turlag, klatring og discogolf. Våre medlemmer er frå 3 til 80 år gamle. Idrettslaget gjer eit tilbod til alle som ønsker det, men hoved nedslagsfeltet er nordre del av kommunen med krinsane Lindås, Åsheim, Hundvin og Myking.

Vår visjon er: Aktivitet med rom og hjarte for heile bygda. Med engasjement og frivillighet skaper Lindås Idrettslag meistring, glede og sosial tilhøyrse gjennom allsidige aktivteter i lokalmiljøet.

På Lindås har me fått eit godt idrettsanlegg med hall, kunstregressbane og egen grasbane. Me ønsker å utvikle idrettslaget vidare, for å sikre aktivitet også i tiåra som kjem. Idrettslaget ser at me har ei utfordring med fråfall av ungdom innafør fotball, og me slit med å gje dei eit tilbod lenger enn midten av ungdomsskulen. Slik me ser det er det svært viktig å sikre at ungdommer har eit fritidstilbod og me har derfor valgt å sette ned ei gruppe i idrettslaget som skal sjå på moglegheiter for å bygge ein fotballhall på Lindås. Fotballhallen er tenkt plassert der grasbana ligg i dag, på tomte som Lindås Idrettslag eig sjølv. Gruppa er i startfasen av sitt arbeid, og det vurderes både 9'er og 11'er hall. Fotballhallen er tenkt knytta til Lindåshallen.

Lindås Idrettslag ber difor om at fotballhall på Lindås vert teke inn i kommunedelplanen og inkludert i anleggstrategien for Alver kommune. Ambisjonen er byggestart i 2026.

I området rundt Lindås Idrettspark og Lindås Barneskule har det i 2022 vore arbeid med diskogolfbane. Hausten 2022 vedtok Lindås Idrettslag å innlemme dette arbeidet som ei egen gruppe i idrettslaget. Arbeidet har komme langt og det har vore god kontakt mellom gruppa og Alver Kommune. Lindås idrettslag ber difor om at diskogolfbane på Lindås vert tatt inn i planen og inkludert i anleggstrategien. Her trur me på oppstart i 2023.

Styret i Lindås Idrettslag vil også gje ein kommentar angående svømmebasseng på Lindås. Basseng har vore kjempa for her i snart 40 år, og det er eit stort behov. I dag får elevane i nordre del av kommunen undervisning enten på Kaland eller i Alversund. Det har vore samla inn midler og det har vore fleire fremlegg til korleis dette skal løysast. Når kommunen no arbeider med ein plan som skal gå 12 år frem meiner me at det bør inkluderes basseng på Lindås som ein ambisjon å arbeide mot.

Styret i Lindås Idrettslag